■ Stort jubileumsprogram for Hardanger Big Band

# Storband i 30 år



**STORBAND:** *Hardanger Big Band fyller 30 år, og feirar med eit stort jubileumsprogram.* PRESSEFOTO

**Hardanger Big Band feirar i år 30-årsjubileum; mellom anna med konsertar i Roma på programmet.**

OLE M. KVAMME
ole@hardanger-folkeblad.no
46814615

Hardanger Big Band (HBB) byrja si musikalske reise i Jondal i 1987. I 2014 gav dei ut albumet «Krysaande», med ny norsk musikk, spesialskriven for HBB av Gisle Torvik, og gjennom åra har dei og hatt ei rekkje prominente gjesteartistar på ulike prosjekt.



**TYSSEDALKORET:** *Er med på å spele opp til «VinterSwing» i Odda 19. februar.* ARKIVFOTO: ERNST OLSEN

## Frå Hardanger til Roma

HBB består av ei besetning på 18, som øver annankvar fredag.

– Sjølv om fredag kveld kanskje er ein uvanleg dag for øvingar, så er vi ei stabil gruppe som har det veldig kjekt saman, seier Arngunn Handegard Trå.

Gjennom åra har dei mellom anna hatt konsertoppdrag på Kongsberg Jazzfestival, storbandfestivalar i Ålesund og Romerike, Berlin Big Band Award, Hardingtonar, Vossajazz – og i mars 2017 legg dei ut på jubileumsturné til Roma.

Handegard Trå fortel at turen til eden evige stads kom i stand av di HBB har god kontakt med jazzsangerinna Nina Pedersen, som er busett i Roma. Ho har hjelpt til med å organisere turnéen i den italienske hovudstaden, som skal bestå av tre konsertar.

– Vi skal ha ein swing-aftan på ein jazzklubb i Roma, ein konsert på eit norsk-italiensk senter, og ein konsert med musikk av norske komponistar, fortel Handegard Trå.

Etter konsertane i Roma, er planen at Pedersen skal vere med på ei konsertrekkje i Hardanger og Bergen seinare i jubileumsåret.

## Vinterswing i Odda

Allereie søndag 19. februar har publikum i Odda få ein smakebit frå jubileumsprogrammet. Då ønsker HBB og Tyssedalkoret å gjenta suksessen frå november 2015; då eit samarbeidsprosjekt mellom desse to fylte opp Odda kyrkje.

– Det var så kjekt at vi ønska å gjenta samarbeidet i jubileumsåret, seier Handegard Trå.

Tyssedalkoret var ikkje vanskelege å be, og dermed er det 19. februar klart for ein ny folkekonsert, i aulaen på Odda VGS. Då spelar dei opp til «VinterSwing».

Her kan ein oppleve alt frå «full trøkk» jazz, klassiske melodiar og roleggare soloinnslag.

– Det blir ein tredelt konsert, der Tyssedalkoret skal ha ein del, storbandet ein del, og så låner storbandet nokre vokalistar frå Tyssedalkoret til den tredje delen av konserten, seier ho, og ønsker alle som er glade i musikk hjarteleg velkomne.